



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Leikeplassar

- lokalisering og utforming
- Statsforvaltaren sine råd i plansaker - revidert februar 2024





Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Postboks 2520, 6404 Molde

Telefon: 71 25 84 00

sfmrpost@statsforvalteren.no

www.statsforvalteren.no/mr

Framsidefoto: Mari Anne Bjørkmann

Innhald

1. Innleiing	4
2. Særleg sokelys på barn og unge sine oppvekstvilkår	6
3. Leikeplassar og uterom i kommuneplanen	10
4. Leikeplassar i reguleringsplanar	16
Vedlegg	20

1. Innleiing

• • •

Planlegging av gode og trygge oppvekstmiljø for barn og unge er ei viktig kommunal oppgåve. Tilrettelegging i nærmiljøet bidrar gjerne til betre helse, trivsel og oppvekst.

Dette dokumentet gir ei kort oppsummering av rammer og føringer for å ivareta barn og unge sine interesser i kommunale plansaker etter plan- og bygningslova.

Siktemålet er i første rekke å kunne gi rettleiing og faglege råd til kommunane i samband med planlegging av leikeplassar og uteområde.

Dette er eit godt utgangspunkt i det vidare arbeidet for ei trygg og framtidsretta samfunnsutvikling gjennom tiltak for meir effektive plan- og byggesaksprosessar og betre plankvalitet.

Arbeidet er i stor grad basert på Statsforvaltaren sine erfaringar som høyringsinstans i kommunale plansaker etter plan- og bygningslova.

Vi håper at dokumentet vil vere til praktisk nytte i det kommunale planarbeidet, men at det også kan vere av interesse for private planleggjarar og utbyggjarar.

Statsforvaltaren sine oppgåver i plansaker etter plan- og bygningslova

Statsforvaltaren har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova (tbl). Ei viktig oppgåve i planprosessar er å formidle nasjonal politikk innanfor viktige fagområde, der arealpolitikk og miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt.

Statsforvaltaren skal sjå til at nasjonale og regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet, og elles også sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Statsforvaltaren ser det som viktig at kommunane nyttar FNs berekraftsmål og barnekonvensjon i det daglege arbeidet med planlegging og kvalitetssikring av oppgåver og tenester retta mot barn og unge.

Statsforvaltaren er høyringspart for kommunale plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova. Dette omfattar ulike plantypar i form av overordna kommuneplan med samfunns- og arealdel, kommunedelplanar, område- eller detaljregulering.

Vårt høyringssvar kan omfatte faglege råd som er sett fram med ulik styrke. Dersom våre ansvarsområde ikkje blir tilstrekkeleg ivare-



Foto: Mari Anne Bjørkmann

tatt kan vi ha motsegn til planen eller klage på dispensasjonsvedtak.

Kompetanse og kapasitet i kommunane varierer

Erfaringar frå den løpende plansaksbehandlinga viser at kompetanse og kapasitet på planområdet varierer mykje kommunane i mellom. Dette reiser spørsmål om tidleg kontakt, rettleiing og oppfølging frå Statsforvaltaren si side - og gjerne i samarbeid med fylkeskommunen.

Leikeplassråd med rammer og føringar

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ønsker gjennom sine leikeplassråd å nå kommunane, utbyggjarar, konsulentar, arkitektkontor og andre som er involvert i lokalt plan- og utviklingsarbeid etter plan- og bygningslova. Vårt mål er at ein gjennom leikeplassråda skal gjere Statsforvaltaren tydeleg og føreseieleg så tidleg som råd i prosessen fram til ferdig plan.

2. Særleg søkerlys på barn og unge sine oppvekstvilkår

• • •

Dei 17 berekraftsmåla som FN vedtok i 2015 er ei ramme for forvaltninga. Berekraftsmåla skal bidra til eit betre liv for alle menneske. Vi tar eit stort steg i riktig retning gjennom å fjerne fattigdom, betre høve til utdanning, sørge for trygge liv, likestilling mellom kjønna, samt gi ekstra støtte til utsette, barn og unge og menneske med funksjonsnedsetting.

Berekraftsmåla hevdar at fridom til å leve eigne liv berre kan bli sikra gjennom eit rettferdig og berekraftig samfunn. Gjennom å ivareta barn og unge sine interesser i vår samfunns- og arealplanlegging bidrar vi til å nå intensjonane i berekraftsmåla og i FNs Agenda 2030.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har frå 2012 hatt eit særleg søkerlys på barn og unge sine oppvekstvilkår gjennom satsinga Betre oppvekst. Målet med samordningsprosjektet har vore at både kommunane og statsforvaltaren skal arbeide meir heilskapleg og målretta for barn og unge.

Medverknad, betring av det fysiske og psykososiale oppvekstmiljøet, samt innsats for å redusere sosiale skilnader, er nokon av dei tema som vil bli vidareført med forankring i FNs berekraftsmål.

Eit godt oppvekstmiljø

Målet er å sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader, og som omfattar fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om barn og unges behov. I tillegg skal det offentlege ta ansvar for å sikre barn og unge dei tilbod og mogleheter som samla kan gi den enkelte utfordringar og ein meaningsfylt oppvekst uavhengig av bustad, sosial og kulturell bakgrunn.

Medverknad i plansaker

I 2014 vedtok Stortinget eit nytt menneskeretts-kapittel i Grunnlova, der barns rettar vart slått fast i § 104. Paragrafen følgjer opp fleire av dei sentrale prinsippa frå FN sin barnekonvensjon. I artikkel 3 heiter det at ved alle handlingar som vedkjem barn skal det som gagnar barnet best vere eit grunnleggande syn.

Artikkel 12 viser til at barn har rett til å seie meininga si, og at meiningane skal vektleggast i saker som vedkjem barn og unge. Det skal vidare leggast til rette for at grupper som ikkje sjølv kan delta, skal kunne ta aktivt del i planprosessen.



Foto: Kristin Eide

Alle kommunar skal ha eit system for at barn og unge skal bli høyrt i planarbeidet, og i dei fleste kommunane er dette knytt til ein eigen oppnemnd barnerepresentant. Opplæring av representanten er svært viktig for rolleforståing og som grunnlag for å kunne tale barn og unges sak i planarbeidet i kommunen.

Arenaer for å medverke i planlegginga er ofte knytt til skule eller fritidsaktivitetar. Skal ungdomsråd og andre organ fungere optimalt er dei gjerne avhengig av hjelp frå administrasjonen i kommunen.

I Møre og Romsdal er det i regi av Statsforvaltaren og fylkeskommunen gjennomført ei brei kartlegging av barn og unge sine oppvekstkår. Deltaking og medverknad i planprosessar omfattar ei rekke ulike metodar og arbeidsfor-

mer. [Barnetrakk](#) er ein metode for å kartfeste opplysningar om barn og unges bruk av stader.

Dette er registreringar gjort av barn og unge sjølve, og er informasjon som kan bidra til at ein i større grad tar omsyn til deira bruk av vegen, snarvegar, uformelle møtestader, leikeområder o.a.

Vi viser også til at Kommunal- og moderniseringsdepartementet gav ut rettleiaren [Medvirkning i planlegging](#). Departementet har også samla informasjon om [Barn og unges interesser i planleggingen](#) på sin nettstad.

Universell utforming

Universell utforming som prinsipp og overordna strategi står også sentralt i samband med barn og unge sine oppvekstkår. Universell utforming er ein nasjonal strategi for å gjere samfunnet tilgjengelig for alle.

Retten til ikkje-diskriminering er eit grunnleggende prinsipp i barnekonvensjonens artikkel 2. Å kunne delta på lik linje med alle andre barn uavhengig av fysiske hindringar er heilt naudsynt for ei god utvikling for barn og unge.

Krav til Universell utforming er vidare ivaretatt både gjennom plan- og bygningslova og [likestillings- og diskrimineringslova](#). Universell utforming er nedfelt i § 1-1 i plan- og bygningslova, der det heiter at prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn for planlegging og krava til det enkelte byggetiltak. § 3-1 peikar på at planlegginga spesielt skal

- ▶ legge til rette for god forming av bygde omgivelser, gode bomiljø og gode oppvekst- og levekår i alle deler av landet
 - fremme befolkningens helse og motvirke sosiale helseforskjeller, samt bidra til å forebygge kriminalitet.

Samla sett gir dette regionale og lokale styresmakter høve til å omsette overordna visjonar for samfunnsutvikling og demokrati i konkrete mål for utforming av rammer rundt samfunns- og kvarlagsliv.

CRPD

FNs konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD) trådte i kraft i 2008. Konvensjonens [hovudmål](#) er å sikre at personer med funksjonsnedsettelse får oppfylt sine menneskerettar. Norske myndigheter er forplikta til å følge konvensjonen som Norge ratifiserte i 2013. Meir informasjon om CRPD-konvensjonen finn du på heimesidene til [Bufdir](#).

Folkehelse

I følgje [folkehelselova](#) skal det leggast vekt på folkehelsa i kommunal planlegging, med tanke på å sikre gode levekår og førebygge helseplager. Det er då særsviktig å utvikle gode bustadmiljø og kople planarbeidet opp mot den bustadsosiale handlingsplanen kommunen har. Målet med folkehelsearbeidet er fleire leveår med god helse for den einskilde og reduserte sosiale helseforskjellar i befolkninga. Folkehelsearbeid omfattar ei rekke ulike tema og innsatsområde. Etablering av leikeareal er eit av fleire plangrep for ei god folkehelse.

Riks-politiske retningslinjer for barn og planlegging

[Plan- og bygningslova](#) held i sin formålspagriff fram prinsippet om at barn og unges oppvekstvilkår skal takast i vare i planlegging og byggesak; jf. § 1-1.

Vidare blir det i § 5-1 peika på at kommunane har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev dette, herunder barn og unge.

[Riks-politiske retningslinjer for barn og planlegging](#) har forankring i § 6-2 i lova, og legg føringar for arbeidet. Rettleiaren [Barn og unge i plan- og byggesak](#) gjer retningslinia meir tydeleg, i tillegg til [temarettleiar T-1514](#) og rundskriv [T-02/08](#).

Formålet med dei riks-politiske retningslinene er å:

- ▶ gjere synleg og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.
- ▶ gi kommunane betre grunnlag for å integrere og ivareta barn og unges interesser i sin løpende planlegging og byggesaksbehandling.
- ▶ gi eit grunnlag for å vurdere saker der barn og unges interesser kjem i konflikt med andre omsyn og interesser.



Foto: Mari Anne Bjørkmann

3. Leikeplassar og uterom i kommuneplanen

• • •

Eit viktig prinsipp i plan- og bygningslova er ei tett kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. For meir informasjon om kommunal planlegging og ulike plantypar sjå regjeringa.no/planlegging.

Kommuneplanens samfunnsdel vil med utgangspunkt i den kommunale planstrategien gi overordna mål og føringer for utvikling

av kommunen som samfunn og organisasjon. Dette dannar utgangspunkt for arealdelen som i neste omgang gir retning og rammer for den vidare fysiske detaljplanlegginga.

Urban fortetting og transformasjon gir gjerne positiv effekt i forhold til dagens bustad-, areal- og transportplanlegging. Dette opnar for at ein i større grad kan ta framtidas transportauke



med kollektiv transport, gange og sykkel. Den same fortettinga kan skape utfordringar med å sikre tilstrekkeleg og eigna leike- og uteoppholdsareal.

For å unngå at fortetting av byen og tettstaden skjer vilkårleg og ved «frimerkeregulering» kan ein aktiv kommune gjennom ein langsigtnig og overordna plan bidra til gode felles løysingar som er tenleg for alle.

Kwartalsleikeplassar kan gjerne vurderast ved rullering av kommuneplanen.

Temakart kan vere tenleg og vise kvar det er ønskeleg med større leikeplassar, og kvar det kan leggast til rette for grøntkorridorar som knyter leikeareal, parkar og andre friområde saman.

Grunnlaget for våre leikeplassråd er dei nasjonale krava som er stilt til fysisk utforming av oppvekst- og leikemiljø. Dette omfattar:

- ▶ Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare.
- ▶ I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfalte seg og skape sitt eige leikemiljø. Dette krev blant anna at arealet:
 - er store nok og eignar seg for leik og opphold
 - gir høve til ulike typar leik ulike tider på året
 - kan nyttast av ulike aldersgrupper, og gir høve til samhandling mellom barn, unge og vaksne.

I kommuneplanen kan ein velje å ha juridisk bindande føresegner og retningslinjer til leikeareal. Med grunnlag i pbl. § 11-9 kan kommunen uavhengig av arealformål stille funksjonskrav og rekkefølgekrav til leike-, ute- og oppholdsressurser.

Kommuneplanens føresegner skal vere konkrete og eintydige og skal avklare kva krav kommunen stiller til leikeplassar og andre friområde.

Kommuneplanen gir med dette klare rammer for kommunar, plankonsulentar og utbyggjarar, og er med å styrke barn og unges interesser i konkurransen med andre krefter ved planlegging og utbygging.

Generelt om utvikling av gode leikeplassar og uterom

Det bur folk både i grisgrendte strøk, byar og tettstader i fylket vårt, noko som kan utfordre generelle føresegner for leikeplassar. Våre råd set nokon minimumskrav som kommunen godt kan endre til det betre for barna.

Generelle krav til utforming av leikeplassar og uterom vil kunne ta utgangspunkt i ein overordna strategi slik dette er presentert i KMD sin publikasjon frå 2017: [Byrom – en idehåndbok. H-2386](#).

Her blir overordna prinsipp for ein samla «byromsstrategi» nærmere presentert. Nærheit, samanheng, kvalitet og bynatur er kriterie knytt til utforming som er utdjupa nærmere.

Eksempel på føresegner

Føresegner i kommuneplanen er juridisk bindande og skal vere eintydige og konkrete. Det skal ikkje vere tvil om kva krav som ligg føre ved seinare planarbeid. Generelle føringar for saksbehandlinga o.a. kan forankrast i ikkje-juridisk bindande retningsliner.

Kommuneplanen må avklare når kravet om leikeplassar skal gjelde. Føresegna må formast slik at den også er dekkande for stader der det skjer ei utbygging over tid.

Eksempel på føresegner som avklarar når kravet om leikeareal skal gjelde:

Ved 5. bueining på staden skal det etablerast ein nærleikeplass. Nærleikeplassen dekker behovet for maksimalt 20 bueiningar.

Ved 25. bueining skal det etablerast ein kvartalsleikeplass. Kvartalsleikeplassen dekker behovet for 200 bueiningar.

Leikeareal skal lokalisera på eigna stad. Dersom ein planlegg leikeareal før bustader og annan infrastruktur kan ein lettare innfri kvalitetskrava foreslått i neste ramme.

Eksempel på føresegner som sikrar kvaliteten på arealet:

- ▶ Leikeareal skal vere skjerma mot sterkt vind, forureining, sterke elektromagnetiske felt, trafikk og andre fareområde
- ▶ Areal satt av til køyreveg, parkering o.a. skal ikkje reknast med.
- ▶ Areal belagt med restriksjonar som hindrar barns frie leik skal ikkje reknast med.
- ▶ Minst halvparten av leikearealet skal vere solbelyst kl. 15.00 ved vårjamndøgn*
- ▶ Leike- og oppholdsareal skal ha støynivå lågare eller lik Lden 55 dB(A)**.
- ▶ Areal brattare enn 1:3 skal ikkje reknast med.
- ▶ Areal smalare enn 10 m skal ikkje reknast med.
- ▶ Leikeareal skal vere lett tilgjengelig og ha trygg tilkomst.
- ▶ Leikeareal skal ha noko fast dekke.
- ▶ Leikeareal skal vere på bakkenivå.

* Rettleiar Grad av utnytting

** Støyretningsline T-1442

Eit minimumskrav til opparbeiding er ikkje meint som ei avgrensing av korleis leikeareal

skal utformast, men er eit grep for å hindre at arealet blir gjengrodd eller endar som ei grusflate utan meir innhald.

For å heve kvaliteten og gi variasjon kan det vere ein fordel å nytte den breie kompetansen og lokalkunnskapen som kommunen gjerne sit med når leikeareal skal godkjennast eller ferdigstillast.

Dette kan gi leikeareal som «triggar» barns nysgjerrigkeit, ønske om rørsle, «hemmelege stader» og at naturelement inngår som ein del av leikearealet

Kravet til fast dekke kjem av kravet til universell utforming og ønskje om at uføre og folk med barnevogn skal ha tilgang til leikeplassen.

Eksempel på funksjonskrav til leikeareal:

- ▶ Nærleikeplassen skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.
- ▶ Det skal vere fast dekke på deler av arealet.
- ▶ Kvartalsleikeplassen skal tilretteleggast for variert aktivitet som t.d. aking, sykling, balleik eller liknande.

Barn er gjerne dei som nyttar uteareal og nærmiljø mest, og alder er oftast avgjørende for rekkevidda. Dei aller minste barna held seg rett ved heimen, og nærleikeplassen er i stor grad retta mot denne gruppa.

Leikeplassen må som eit minimum opparbeidast med eit tilbod som er tilpassa dei aller minste barna.

Vårt forslag til funksjonskrav tar utgangspunkt i sandkasse som gir eit lite barn høve til eigenleik uavhengig av andres engasjement, ein benk der den vaksne kan sitte medan barnet leikar, samt eit udefinert leikeapparat.

At nærleikeplassen kan vere eit uteområde og ein sosial treffstad for alle aldersgrupper kjem som ein viktig tilleggsverdi.

Barn opp til 8 år oppheld seg hovudsakleg inntil 200 meter frå heimen. For denne gruppa vil kvartalsleikeplassen gjerne vere ein attraktiv stad, som dei kan nå med gange og sykkel.

Trygg ferdsel blir ei viktig utfordring i planlegginga av kvartalsleikeplassen. Tilrettelegging av gang- og sykkelvegar, stiar og grøntkorridrar vil bidra til tryggare ferdsel mellom heim og leikeplass.

Eksempel på føresegner som sikrar storleik og avstand til leikeareal:

Leikeplass-typar	Maksimal gangavstand frå bueining	Minimum storlek
Nærleikeplass (5 - 20 bueiningar per leikeplass)	50 m	200 m ²
Kvartals-leikeplass (25 – 200* bueiningar per leikeplass)	150 m	1500 m ²

*Rettleiar Grad av utnytting

I kommuneplanen kan det stillast krav til at leikeplassar skal bli ferdigstilt innan ei gitt tid.

Eksempel på rekkefølgekrav som sikrar ferdigstilling

Ved utbygging av bustadområde skal leikeplassar med funksjonskrav vere ferdigstilt innan første bustad gis bruksløyve

Motsegn kan nyttast for å sikre nasjonale eller vesentleg regionale interesser i plansaker.

For å unngå motsegn frå Statsforvaltaren må kommunen dokumentere barn og unges medverknad i planprosessen og utgreie kva konsekvensar utbyggingstiltaket får for barn og unge. Alle kommunar må ha føresegner som sikrar barn og unges interesser.

Ikkje juridisk bindande retningsliner kan nyttast for å klargjere saksbehandling og meir upresise ønske for leikeplassane. Kommunen må vurdere erstatningsareal når friområde blir planlagt omdisponert.

Omdisponering av fellesareal og friområde

Ved omdisponering av areal som i planar er avsett til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er eiga for leik, skal ein skaffe fullverdig erstatning.

Erstatning skal også skaffast ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn nyttar som leikeareal, eller dersom omdisponering av areal eigna for leik fører til at omsyna som er nemnt i punkt 5b i *Retningslinjer for barn og planlegging*, for å møte dagens eller framtidas behov, ikkje blir oppfylt.

Statsforvaltarens minimumskrav for å godkjenne ein kommuneplan

I fråsegner til arealplaner gir vi anten faglege råd eller motsegn. Faglege råd blir gitt for å rettleie kommunen om korleis eit omsyn bør ivaretakast, utan at planen er i strid med nasjonale eller vesentleg regionale interesser.

Våre krav til nærliekeplassar i kommuneplan:

- ▶ Kvalitetskrav som vist i eksempel.
- ▶ Innan 50 meter frå bueiningane skal det vere ein nærliekeplass.
- ▶ Minimum storleik på nærliekeplassen er 200 m². I sentrum av våre tre største byar kan det vere rom for å redusere storleiken på nærliekeplassane, noko som gir skjerpa krav til kvalitet ved utforming.
- ▶ Leikeplassar må ferdigstillast med eit minimum av funksjonskrav.
- ▶ Det skal vere maksimum 20 bueiningar per nærliekeplass. Krav til nærliekeplass blir utløyst ved 5. bueining på staden.
- ▶ Nærleikeplassar skal opparbeidast innan første bustad blir gitt bruksløyve.

Som hovudregel gir vi faglege råd til krav om kvartalsleikeplassar, og viser til eksempla.



Foto: Kristin Eide

4. Leikeplassar i reguleringsplanar

• • •

Eintydige og konkrete krav i kommuneplanen gir rammer for seinare reguleringar. I kvar einskilt reguleringsplan må ein ta utgangspunktet i kommuneplanen sine krav til leikeareal, og sjå dette saman med tilhøva i planområdet.

Område- og detaljregulering

Det vil vere forskjell i vurderingane for grisgrendte strøk kontra i tettstader/byar.

Som eksempel kan det å slå saman nærtleikeplassar bli aktuelt, så lenge det er til det beste for barna som skal bu i området. Av plamtalen bør det kome fram kva verknader planen har for barn og unge, og ei grunngjeving for valt løysing.

Leikeplassar skal lokaliserast i plankartet både ved detalj- og områderegulering.

Leikeplassar skal ha eige formål i planen. Dersom det er krav til seinare detaljregulering av delområde i ei områdeplan, kan endeleg lokalisering av leikeareal for desse områda avklarast ved detaljregulering.

Utgangspunktet bør likevel vere at områdereguleringa avklarar kvartalsleikeplassane. I tillegg må det knytast konkrete og eintydige funksjons- og rekkefølgekrav til formålet leik i føresegnene.

Det er stor forskjell i detaljeringsgraden på reguleringsplanar som blir lagt ut til offentlig ettersyn.

Leikeareal må som hovedregel lokaliserast i plankartet uansett detaljgrad, og forankrast med areal-, funksjons- og rekkefølgekrav i planføreseggnene.

Det må synast i plamtalen i kva grad kravet til kvartalsleikeplass er oppfylt, jamfør kapittel 3.

Oppstartsmøte

Vi viser til §§ 2 og 3 i forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter pbl som gjeld oppstartsmøte og krav til referat. Vi ønsker at referatet frå oppstartsmøte følger saka på høyring

Det er viktig at leike- og uteopphaldsareal blir eit sentralt tema på oppstartsmøte mellom kommune og tiltakshavar.

Eksempel på felles føresegner

- ▶ Leikeplass L1 skal vere felles for byggeområde BK1 og BK2.
- ▶ Utbygginga skal basere seg på prinsippet om universell utforming og tilgjenge for alle.
- ▶ Minst halvparten av felles uterom skal vere solbelyst kl. 15.00 ved vårjamndøgn.
- ▶ Leikeplassen skal ha støynivå Lden 55 dB eller lågare.
- ▶ O.a.

Eksempel på rekkefølgekrav

- ▶ Nærleikeplass L1 skal vere ferdigstilt med funksjonskrav innan første bustad gis bruksløyve.
- ▶ Kvartalsleikeplass L2 skal ferdigstillast med funksjonskrav før første bustad er gitt bruksløyve (meir aktuelt i tettbygde strøk og byar).
- ▶ Kvartalsleikeplass L2 skal ferdigs-tillast med funksjonskrav når 1/3 av bustadane er gitt bruksløyve (meir aktuelt i grisgrendte strøk).

Eksempel på funksjonskrav

- ▶ Nærleikeplass L1 skal ferdigstil-last med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.
- ▶ Minst 50 % av arealet skal ha fast dekke.
- ▶ Arealet skal vere sikra med gjerde mot veg og parkerings-plass.
- ▶ På kvartalsleikeplass L2 skal det leggast til rette med sykkelløype*


* Sykkelløype kan bytast ut med anna tiltak

Statsforvaltarens minimumskrav for å godkjenne ein reguleringsplan


Kvar reguleringsplan blir behandla særskilt. Saman med krava til leikeplass i kommuneplanen vil tilhøva i planområdet vere avgjerande for valte løysinger. Statsforvaltaren har praksis på å ha motsegn til planar som er i motstrid med følgande moment:

- ▶ Eigna areal til leikeplassar må vere sikra i plankart og føresegner. Kor vidt areal er eigna kan vurderast ut frå kvalitetskrav gitt for kommuneplanar.
- ▶ Krav til storleik og maksimal gangavstand må samsvare med krava for kommuneplanar.
- ▶ Ferdigstilling av leikeareal må vere sikra gjennom rekkefølge- og funksjonskrav i føresegnehene.

Eksempel 1 - plankart med leikeplass sentralt plassert



Eksempel 2 - utsnitt av plankart med nærleikeplass sentralt plassert og kvartalsleikeplass trekt litt unna senter av bustadfeltet



Vedlegg

• • •



Lover og reglar

- ▶ [FNs barnekonvensjon - Regjeringen](#)
- ▶ [FNs bærekraftsmål – FN-sambandet](#)
- ▶ [Plan- og bygningsloven](#)
- ▶ [Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging](#)

Rettleiar

- ▶ [Barn og unge i plan- og byggesak](#)
- ▶ [Medvirkning i planleggingen](#)
- ▶ [Innbyggernes medvirkning i planleggingsprosesser](#)
- ▶ [Grad av utnytting](#)
- ▶ [Byrom – en idehåndbok – KMD 2016](#)
- ▶ [Veileder i universell utforming – KMD 2021](#)

Nettstader

- ▶ [Regjeringen.no/planlegging](#)
- ▶ [Statsforvaltaren i Møre og Romsdal](#)
- ▶ [Møre og Romsdal fylkeskommune](#)



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

sfmrpost@statsforvalteren.no - www.statsforvalteren.no/mr